

Spørsmål frå Marthe Hammer om båtrute til Sotra

Representanten **Marthe Hammer** (SV) har stilt fylgjande spørsmål:

Viser til utredning om (hurtig)båtrute mellom Bergen og Sotra frå april 2019 - PS 49/19. Denne vart vedteke sendt på høyring til fellesnemda for Nye Øygarden kommune og til næringslivet. Når kjem saka med innspela frå høyringen tilbake utvalet?

Svar frå påtroppende fylkesdirektør for mobilitet og kollektivtransport:

Prosjektleiar kan opplysa at i tråd med vedtaket som vart fatta i utval for miljø og samferdsel 10.04.2019, er det gjennomført høyring av utgreininga av mogleg ny båtrute Sotra – Bergen. Sak om resultat av høyringa er planlagt lagt fram til politisk handsaming. På grunn av ressurssituasjonen er denne saka blitt utsett, men vil bli lagt fram i Hovudutval for samferdsel og mobilitet over nyttår.